

F I S K E V A T N

Fiskeanalysen vart foreteken den 27. august 1980.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, nærare stadfest nord-vest for Grinde, og med Haavardsfjellet i vest.

Arealet er snaut 6 ha. og h.o.h. 149 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over er det eit noko grunt vatn, og ein kan sjå botn over store deler.

Stranda består av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn er dominerande.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, siv- og algevegetasjon utgjer vegetasjonen frå strandkanten og utover.

Nedslagsfeltet er lite, og består for det meste av snaumark, men med jordsmonn stort sett over det heile.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men det fell inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går om Store Stemmetjørn ut i Stakka-stadvatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Fargen på vatnet er blålig-grønn som indikerar eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 5.1 og er same resultat som den innsendte vassprøven. Vatnet er såleis surt og lite brukande for rogn og yngel.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 2.50 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 3.0 mg/l. Vatnet er kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm = 37.1.

Gjennomstrøyminga er liten.

Botnprøver.

Det vart teke ein botnprøve på 3.0 m djup og her fann ein 3 vasskalvlarvar og ein vårflugelarve - i alt 40 individ pr. m².

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein fattig prøve.

Fisk m.v.

Det vart sett ut 2 garn (omf. 18 og 22) i ei fangstnatt, men det lukkast ikkje å få fisk i det heile. Etter alt å døma er vatnet fisketomt.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt, men med levelege vilkår for setjefisk.

Dei kjemiske tilhøva er ikkje så gode som ynskjeleg og nedslagsfeltet er ikkje i stand til å nøytralisere den sure nedbøren ein i dag får. Fylgjeleg får ein eit surt vatn.

Etter det vi har fått opplyst, var det tidlegare fin aure i dette vatnet, men den er borte nå. Årsaka er fyrst og fremst det sure vatnet som rogn og yngel ikkje tåler, og hertil kjem dårlege gytetilhøve i det heile. Det er berre på utfallsbekken at fisken kan gyte og heller ikkje denne bekken er god i så måte.

Når fisken er i ferd med å gå ut i eit vatn, merkar ein det fyrst ved at småfisken blir borte. Den større fisken, som betre tåler det sure vatnet, får fylgjeleg betre vilkår og blir gjerne stor og fin. Men etter kvart som denne blir oppfiska, eller går ut på annan måte, blir vatnet tomt. Det er dette som har vore tilfelle i Fiskevatn.

Praktiske tiltak.

Som nemnt er det levelege vilkår for setjefisk i Fiskevatn og vi vil tilrå at ein går til utsetjing av fisk. Eit mykje interessant fiskeslag i så måte er den Canadiske bekkerøyra. Denne tåler det sure vatnet betre enn auren og har ein uvanleg god vekst.

Meininga var at dette fiskeslaget skulle setjast ut hausten 1980, men det kom generelt forbod frå Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk mot slik utsetjing inntil vidare. I seinare tid er det kome melding om at slik utsetjing likevel kan foretakast, men det må tilrådest

av Innlandsfiskerikommisjonen i vedkomande kommune og underskrivast av grunneigarane til vatnet.

Endeleg må utsetjinga godkjennast av fiskekonsulenter for distriktet. P.g.a. den magasineringsproblematikken som har funne stad, i og med at vatnet har vore fisketomt i mange år, kan ein setja ut noko meir fisk fyrste gongen enn ved seinare utsetjingar. Eit høvande utsetjingstal av canadisk bekkeroyr skulle vera ca. 250 fisk.

Ein må ikkje rekna med at dette fiskeslaget vil kunna formere seg, men røyra har ein tendens til å gå ut på avlaupsbekken og såleis koma ned i nedanforligjande vatn. For å hindre dette, må det setjast opp ei solid nettingramme som sperrar av utfallsbekken.

Alt etter 2 år vil røyra ha oppnådd matnyttig storleik og den bør fiskast opp etter 3-4 år.

For å betre tilhøva i vatnet, vil kalking i nedslagsfeltet ha ei positiv innverknad, men ei slik kalking må tena jordbruksinteressene då det ikkje kan tilråadast å kalke berre av omsyn til fisken.

Fiskevatn vil høva ypperlig som eit forsøksvatn m.o.t. canadisk bekkeroyr og vi vonar grunneigaren også er interessert i dette. Saka vil bli drøfta nærare med grunneigaren og også fiskekonsulenten er interessert i eit forsøk med canadisk bekkeroyr.

Stavanger 26.mars 1981

Einar Berg